



# Referat

## Lokalt samarbeidsutvalg (LSU-Hall)

### Vestre Viken HF og kommunane i Hallingdal

Arbeidssted	Navn	Tilstede/Ikke tilstede
Hol kommune	Jan Olav Helling	T
Ål kommune	Karsten Dideriksen	T
Gol kommune	Aud Torill Sæbø	T
Hemsedal kommune	Borghild Moen	T
Nes kommune	Randi Karin Rustand	T
Flå kommune	Siw Merethe Glesne	T
Hallinghelse	Øystein Lapppegard, <i>sekr</i>	T
Repr. for fastlegene	Robert Tunestveit	T
Praksiskonsulent	Pål Steiran	IT
Vestre Viken HF	Sissel Urke	IT
Vestre Viken HF	Oddmund Nestegard	T
Vestre Viken HF	Kent Håpnes – representert av Kitty Line Scheen	T
Vestre Viken HF	Ingeborg H Rinnaas	T
Vestre Viken HF	Reidar Aasheim, <i>leder</i>	T
Repr. FFO- busk	Ida Marie Holen	T
Repr. VVHF - Brukerutvalg	Rune Hansen Gunnerød	T
Arbeidstakerrepresentant	Arvid Groven	T
Arbeidstakerrepresentant	Hege Svensgård	T
Kopi:	Kari Engen Sørensen, Christine Furuholmen, Kirsten Hørte, Maj Janne Botha Pedersen	

Sted: Hallingdal sjukestugu, basebygget

Tid: Fredag 9. juni 2017 Kl. 12.00 – 14.15.

**Sak nr. 13/17 Godkjenning av innkalling**

Innkalling godkjent. Ei sak under eventuelt meldt frå Flå.

**Sak nr. 14/17 Godkjenning av referat fra møte 24 02 17**

Referat godkjent.

**Sak nr. 15/17 Læring og mestring i Hallingdal**

Reidar Aasheim og Øystein Lapppegard orienterte om felles prosjektsøknad til Helse SørØst frå Vestre Viken HF og Hallingdalskommunane om felles lærings- og meistringssenter i Hallingdal. Svar er forventa på slutten av året.

Vedtak: LSU gjev sin støtte til søknaden

**Sak nr. 16/17 Desentralisert tilbod ved HSS frå Hjelpemiddelsentralen**

Reidar orienterte om avtale med Hjelpemiddelsentralen og eit hjelpemiddellager ved Hallingdal sjukestugu (HSS) der brukarar kan koma for å sjå og prøve ut. Ordninga vert styrt av intermediearavdelinga. Justert avtale er vedlagt referatet.

Vedtak: LSU tek saka til orientering

**Sak nr. 17/17 Handlingsplan 2017**

Øystein og Reidar gjekk gjennom status for handlingsplan 2017. Karsten Dideriksen orienterte spesielt om Prosjekt velferdsteknologi i Hallingdal. Under punkt 6: Gol og Nes vert bedt om å sjekke sine adresser for det elektroniske meldingssystemet i samsvar med tidlegare mail. Reidar sender ut liste i løpet av sommaren for oppdatering av kontaktpersonar og adresser.



LSU gjev fylgjande merknader:

Ad punkt 2 om samarbeidsrutinar mellom BUP og kommunane: Ein ber her om fortgang i arbeidet frå BUP.

**Sak nr. 18/17**

**Samhandling prehospitala tenester**

Referat dialogmøte Hønefoss 28.04 var sendt ut som vedlegg 5. Det vart ei drøfting av om innhaldet i desse møta samsvarar med dei personar som vert innkalla. Meldte saker til neste møte 10. nov på Torpomoen

- a) drøfting av møteform og møtedeltakarar,
- b) retningsliner og rutinar for bruk av politi ved tvangsinnleggingar i psykisk helsevern.
- c) prehospitala tenester sitt ansvar for deltaking i øvingar

**Sak nr. 19/17**

**Orientering – Status drift av Intermediær avdeling**

Avd. sjef Oddmund Nestegard:

- Fornøgde pasientar og pårørande. Dette er det viktigaste!
- Tre avdelingslegar frå mars -17: Nødvendig!
- Beleggsprosenten svingar, men heldt seg tilfredsstillande høgt i snitt.
- Nokre budsjettmessige utfordringar.
- Tendens til noko meir sjukeheimsprega pasientar på dei kommunale plassane?
- Det går greitt med psyk og rus i høve til KAD

Kommunalsjef Karsten Dideriksen:

- Vi må snart koma dit at vi snakkar fag og ikkje belegg og økonomi.

Meiningsytringar om evalueringskonferanse:

Primo september. Fag i fokus. Kven er det som får nytte av tilbodet?

Innleggelsane ved IMA må sjåast i samheng med det samla

innleggelsesbiletet i Hallingdal. Seinare må ein rette informasjonen til sektorpolitikarar.

**Sak nr. 20/17**

**Orientering frå kommunane og Hallinghelse**

Nes: Fokus på barn og unge og psyk og rus. Innført kveldsteneste i psyk og aktivitetssenter dag og kveld.

Flå: Fleire unge i befolkninga. Har konsekvensar for planverket. Ungdataundersøkinga i Hallingdal: *Unge jenter slit!*

Gol: Helse- og omsorgsplan vedteken, no arbeider ein med organisasjonskart, oppgåver og ansvar. Etterdønningar etter tilsynssak og mediaomtale. Utfordringar med tre tunge pasientar, har varsla tvistesak om den eine. Ungdomslos – evalueringsrapport ligg føre, saka er løfta til regionrådet. Nasjonalt nettverksarbeid innan PU.

Hol: Samlokalisering av tenester til barn og unge. Ynskjer å få til eit betre samarbeid med PPT og barnevern. *Utfordringar med unge brukarar som vert utskrive frå andrelinetenesta!* Generasjonsskifte i psykisk helsearbeid? Jordmoravtale mellom fire Hallingdalskommunar om eitt jordmor vakt-distrikt.

Ål: Byggeprosessar stort sett ferdig. Melder *at samarbeidet om ungdom ikkje fungerer tilfredsstillande mellom spesialisthelsetenesta og kommunen. Stor bekymring for dette området. Det er ikkje likeverdige tenester geografisk på dette området.*



Hemsedal: Mottak vert lagt ned. Kommunen er med i nasjonalt nettverk om kvardagsrehabilitering. Søker etter ny kommunepsykolog.  
Hallinghelse: Samhandlingsleiar orienterte om utviklingsprosjekt som det er søkt støtte til.

**Sak nr. 21/17 Orientering frå Vestre Viken HF**

Klinikk Ringerike: Økonomien så nokolunde i balanse eller litt i pluss. Både ventetid og fristbrot ligg med tilfredsstillande resultat. Ein slit med korridorpasientar.

Oppstart ombygging gyn.avd. Ein får rekruttert ny onkolog. Orientering om prosess for tilsetjing av ny direktør. Sjukehuset Drammen byggestart 2021, ferdig 2024.

Psykiatrisk klinikk: Det pågår eit omstillingsarbeid innan psykiatrien med meir vektlegging av poliklinikk, mindre vektlegging på døgnplassar. (Øystein etterspør kommunane og brukarane sine representantar i dette omstillingsarbeidet). Stabil bemanning i Ål. Ny overlege er klar.

Også *vaksenpsykiatrien deler bekymringa for unge jenter*.

Samarbeidet mellom psyk Ål og IMA går svært greitt. Positiv tilbakemelding til Gol og Hol som driv kafé innan psykisk helse. Dette ser ein gode resultat av! Dialogkonferanse til hausten. SAMPR er med og arrangerer denne. Psyk. flytter snart inn i lokala til den gamle døgnavdelinga. Ingen venteliste.

Samhandlingssjef Ringerike Reidar minte om det pågåande høyringsprosjektet. Det vert no følgjeforsking.

**Sak nr. 22/17 Orientering frå brukarorganisasjonane**

Ida Marie: Også *bekymring for unge jenter*.

Ein arbeider med å prøve å få oppretta lokallag av Mental helse i Hol. Verdsdagen 10. okt: Mental Helse Ål har samarbeid med vidaregåande og ungdomsskulen.

Rune: Arbeider vidare med brukarforum i Hallingdal.

**Sak nr. 23/17 Orientering frå OSU**

Møtet i OSU i vår vart avlyst.

**Sak nr. 24/17 Eventuelt**

a) Robert minner om utfordringa for rekruttering av allmennlegar. Dette krev både eit samarbeid mellom kommunane og med HSS. Legevaktorganisering er viktig i rekrutteringssamanheng. Ein er redd for at vår region ikkje no er attraktiv nok.

b) Infeksjonskontrollprogram for sjukeheimar. Ein er kjent med at Kongsberg sjukehus og omkring liggande kommunar har utarbeidd eit nettbasert program. På førespurnad har kommunane i Hallingdal ikkje fått tilgang til dette. Ål er i ferd med å utarbeide sitt program på bakgrunn av Kristiansand kommune sitt. Øystein vert bedt om å ta denne saka opp i kommunehelsesamarbeidet.

NESTE MØTE: Fredag 13.10.17 i Hemsedal

Vedlegg: Justert avtale med Hjelpemiddelsentralen

Ref: Øystein Lappegard